



Rettleingskontrakt for masterstudentar ved Det humanistiske fakultet

Frist for å inngå kontrakt 15.oktober i haustsemesteret og 15. mars i vårsemesteret. Sjå kontraktstekst på side 2.

Masterprogram		
Institutt/eining		
Student		
Studentnummer		
Opptak (år og semester)		
Kontrakt inngått (år og semester)		
Kontrakt går ut (år og semester)		
Hovudretteiar	Intern ()	Ekstern ()
Birettleiar	Intern ()	Ekstern ()

Underskrifter

Student	Dato
Hovudretteiar	Dato
Birettleiar	Dato
Instituttleiar	Dato

Det er instituttleiar og studenten som inngår rettleiingskontrakten. Så snart studenten har fått ein rettleiar og eventuelt ein birttleiar, skal desse òg skrive under på kontrakten. Studenten får rettleiar(ar) i løpet av det første året i studieprogrammet. Studenten og rettleiar(ar) skal då laga ein skriftleg framdriftsplan for arbeidet med masteroppgåva.

Ein heiltidsstudent ved Det humanistiske fakultet har rett på inntil 30 rettleiingstimar i arbeidet med masteroppgåva, anten som individuell rettleiing eller som grupperettleiing. Dersom studenten skal ha meir enn ein rettleiar, må det bli avklart med studenten korleis ein skal dele rettleiingstimane og ansvaret for rettleiinga mellom rettleiarane. Viss studenten er deltidsstudent (50 % studieprogresjon), skal rettleiinga avtalast og delast i samsvar med denne progresjonen.

Rettleiar sitt ansvar

Rettleiar(ar) har ansvar for å gje råd om korleis studenten kan utvikle og avgrense emne og problemstilling for oppgåva. Rettleiar(ar) skal også gje råd om litteratur, fagleg innhald, arbeidsopplegg og framdriftsplan. Rettleiar(ar) skal ta i mot utkast og drøfte desse med studenten, og gje studenten ei vurdering av framdrifta i arbeidet. Dette skal normalt skje i rettleiingsmøta mellom student og rettleiar(ar), og møta bør setjast opp i samsvar med det avtalte arbeidsopplegget og framdriftsplanen. Rettleiar(ar) skal registrere bruken av rettleiingstimar.

Studenten sitt ansvar

Studenten har ansvar for å følgje framdriftsplanen, og levere inn utkast eller anna skriftleg materiale etter avtale. Studenten skal minst to gonger i semesteret orientere rettleiar(ar) skriftleg om eigen framdrift i arbeidet. Viss studenten har ein ekstern hovudrettleiar, skal denne rettleiaren minst éin gang i semesteret orientere instituttet om framdrifta i arbeidet med masteroppgåva.

Rettleiingsavtalen

Både rettleiar(ar) og student kan be om å få oppheve rettleiingskontrakten, og både studenten og instituttet forpliktar seg til å informere kvarandre dersom det blir problem med å overhalde rettleiingskontrakten.

Dersom studenten meiner at rettleiaren ikkje oppfyller sin del av avtalen, skal studenten melde frå om dette til instituttet, som vil vurdere om det er naudsynt å endre eller å avslutte rettleiingskontrakten. Studenten vil eventuelt kunne få ein ny rettleiar.

Dersom rettleiar(ar), meiner at studenten ikkje oppfyller sin del av avtalen, skal rettleiar(ar), melde frå om dette til instituttet, som vil vurdere om det er naudsynt å endre eller avslutte rettleiingskontrakten.

Studenten kan ikkje gjere rettleiar(ar), institutt eller universitetet ansvarleg for resultatet av utdanninga. Instituttet oppbevarer den signerte kontrakten. Rettleiar(ar) og student skal ha kvar sin kopi.

Etiske retningslinjer

Sjå nettsida [Etiske retningslinjer for relasjon mellom rettleiar og student eller kandidat](#).